

HYLLESTAD SOKNERÅD ÅRSRAPPORT 2014

Hyllestad sokneråd er eittsoknsråd innan kommunen som har ansvar for både soknerådssaker og fellesrådssaker. Ansvar etter både §9 og §14 i kyrkjelova.

Kyrkjeleg verksemd, gudstenser, vigslar og gravferder.

Økonomi, administrasjon, personale, tre kyrkjer og eitt kapell, tre kyrkjegarder.

Hyllestad sokneråd:

Jostein Ryland (leiar), Marit Haugen Gjervik (nestleiar), Aslak Åm Sognnes, Marion Brendehaug, Anniken Mjell Færestad og Eva Mette Olsen Høie.

Varamedlemer: 1. Liv Kristine Solheim, 2. Rune Risnes, 3. Paul Skivenesvåg, 4. Eirik Irgens Kofoed, 5. Joakim Systaddal.

Geistleg representant: Ole Agnar Helland. Personleg vara prost Reidar Knapstad.

Kommunal representant: Gro Sissel Dale. Personleg vara: Kristin Lund.

Endring i året

Etter at Aslak Åm Sognnes fekk utvida stilling som sekretær gjekk han ut som medlem av soknerådet og 1.varamedlem vart fast medlem. Dei andre varamedlemene gjorde opprykk.

Når soknerådet handsamer saker som i «kommuner med flere sokn tillegger kirkelig fellesråd» skal det møte ein representant frå kommunen. Jfr KL § 6, 2. ledd.

Soknerådet har hatt fem møter og handsama 37 Saker. Kommunal representant har møtt på eitt møte dette året.

Soknemøte og andre møte og samlingar

Årsmøte for kyrkjelyden var 28. mai med 18 møtande.

Kyrkjelydsbasar der inntektene, kr. 36.357,- gjekk til kyrkjemusikkfond.

Koret Balsam tok initiativ til og laga til juletreffest i romjula.

Diakoniutvalet – felles med Høyanger og Solund hadde 5 møter i Lavik. Marion Brendehaug har møtt for soknerådet.

Tilsette

Kyrkjeadministrasjon: 0,77 årsverk

1.1.2014 - 31.8.2014

Kyrkjevevje 50%, Bjørn Atle Systad og sekretær 27%, Aslak Åm Sognnes (inkl. 2% klokkar Bø) ut august då det vart endring på grunn av at kyrkjevevje Bjørn Atle Systad bad om permisjon frå kyrkjevevjestilinga.

1.9.2014 – 31.12.2014

Kyrkjevevje 20%, Irene Fløde –innleid med hovudansvar for økonomi, sekretær 42 %, Aslak Åm Sognnes (inkl. 2% klokkar Bø) stillingsauke og meiransvar m.a. for kyrkjegardar. Bjørn Atle Systad fortset i 15% stilling, også han som sekretær, og med ansvar for kyrkjebygga.

Kyrkjer: 0,74 årsverk, Kyrkjetenar 40%, Gunvor Instefjord og organist 34%, Erling Akse.

Trusopplæring interkommunalt samarbeid: 1,0 årsverk: kyrkjelydspedagog 100%, Toril Lange.

Hyllestad sokneråd har arbeidsgjevaransvaret. Arbeider 25% hos Hyllestad sokneråd, 50% hos Høyanger kyrkjelege fellesråd og 25 % hos Det norske misjonsselskap – NMS.

Samling råd tilsette – Inga samling dette året.

Kl § 9, 5 ledd «Menighetsrådet innbyr misnt en gang i året de tilsette i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.»

Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor på kommunehuset men dessverre er lokala altfor lite lydette slik at det er vanskeleg for soknepresten å ha fortrulege samtalar på kontoret sitt.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt av kyrkjevevje, kyrkjeseekretær, trusopplærar, diakon, soknerådsleiar og sokneprest. Årsrapporten som gjeld rekneskapen 2014 er av kyrkjevevje (eiga fil).

Gudstenester

	2011	2012	2013	2014
Gudstenester – totalt i Hyllestad inkl.				
Barne og skulegudst.	52	64	60	53
Gj. Snitt fram møte på gudst.	55	59	51	55
Fram møte totalt	2871	3799	3037	2915

Gudstenesteliv i Hyllestad v. Sokneprest Ole Agnar Helland

Ser vi på gudstenestelivet samla i Sunnfjord prosti er det ein merkbar nedgang i talet på dåp (- 76 i høve til i fjor). Det er ein liten nedgang i fram møte til gudsteneste, også nattverdstalet har ein nedgang. I Hyllestad kan vi summa summarum karakterisere 2013 som eit «status quo» år. Ein liten nedgang i talet på fram møte til gudsteneste, men oppgang når det gjeld gjennomsnittleg fram møte. Slik også når det gjeld nattverd. Færre nattverdsgudstenester har gjeve mindre samla tal på nattverdsdeltakarar, men større gjennomsnittstal. Konfirmantkull og dåpstal held seg omtrent som i fjor. I det heile så held Hyllestad stand mot synkande tal. Samla tal på fram møte til gudsteneste held seg på ca. 3000 som det har gjort dei siste åtte åra.

Satsing i høve til trusoppløring er nok ei avgjerande årsak til gudstenestefram møte i Hyllestad. I tillegg har vi hatt bra med besøk på ungdomsgudstenester dei siste åra.

Ein trufast flokk møter fram både i Bø og Øn. Men til tross for mindre gudstenestefrekvens i Bø og Øn kyrkje, så har ikkje dette slått ut i fram møte på vanlege gudstenester i Hyllestad. Skal vi følge intensjonen om meir sentralisering av gudstenestelivet i Hyllestad trengs tiltak som for eksempel kyrkjeskyss.

I 2014 hadde vi seks kvardagsgudstenester. Det har vore gudstenester for eldre, song og salmegudstenester, gudstenester med innslag frå organisasjonsliv, barnegudsteneste og gudsteneste med samtale rundt dagens tekst. Ei Tomasmesse er planlagt i mars. Ein av intensjonane bak kvardagsgudstenestene var meir deltaking av friviljuge. Her kan vi bli flinkare med å involvere og aktivisere andre.

Det mest gledelege når det gjeld gudstenestelivet i Hyllestad er trusoppløring og konfirmantarbeid. Ein stor del av dei aktuelle årsklassane møter fram til trusoppløringssamlingar saman med familie og foreldre/ føresette. Konfirmantarbeidet er prega av positive ungdommar og engasjerte leiarar. Noko som pregar gudstenester og gudstenesteliv. Leiarstaben ser også ut til å bli forsterka og utvida.

LIVSRITER

	2011	2012	2013	2014
Dåp	12	11	9	11
Dåp - busette i Hyllestad	10	11	9	10
Konfirmant	19	19	21	20
Vigsel	1	0	1	1
Gravferd	17	22	17	19

Tala syner stabilitet – lite variasjon dei siste fire åra

Trusopplæring v trusopplærer Toril Lange

Det er mykje flott og gledeleg som skjer med omsyn til trusopplæringa i Hyllestad. Soknet har godkjent trusopplæringsplan frå desember 2012.

Følgjande tiltak er gjennomført i 2014

- 4-årssamling og hausttakkefest med utdeling av Mi kyrkjebok 4 (7 deltakarar)
- 5-årssamling/kyrkjerottesamling: 3 samlingar og diplomutdeling på LysVaken-gudstenesta (5 deltakarar)



- 6-årssamling og familiegudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok 6 (11 deltakarar)
- Tårnagenthelg m/tårnagentgudsteneste for 8 åringar (5 deltakarar)



- Bibelutdeling på gudsteneste og i samband med minikonfirmantsamling (18 biblar utdelt)
- Minikonfirmantar for 10 åringar: Gudsteneste m/bibelutdeling, 4 samlingar rett etter skuletid i Hyllestad kyrkje, minikonfirmantweekend på Alværa saman med Solund, Kyrkjebø og Høyanger og avsluttande gudsteneste m/diplomutdeling. (17 deltakarar frå Hyllestad)



- LysVaken for 11 åringar. Overnatting i kyrkja og LysVakengudsteneste neste dag. (12 deltakarar)

- Kvernsteinscamp for 12-åringar i august. Overnatting i parken m/diverse aktivitetar og kvernsteinsgudsteneste. Arrangementet vart avlyst pga få påmeldte. Det var kollisjon med anna arrangement og dårleg vermelding. Tiltaket kvernsteinscamp er ressurskrevjande og veravhengig. Ein bør finne eit anna tiltak for 12-åringar.
- Ungdomssamlinga i Bjordal for fjorårskonfirmantar . Eks-konfirmantar i Bjordal stod ansvarleg for opplegget. 8 deltakarar frå Hyllestad

Hyllestad kyrkje er ein god stad å ha samlingar. Born, unge og foreldre trivst godt der og føler seg heime i kyrkja. Multimediaanlegget lettar arbeidet mykje. Kyrkja er god til mange ulike aktivitetar. Her kan vi ete, sove, leike, sjå film, be og ha gudsteneste.

Fleire av tiltaka som skulle starte opp i 2013 og 2014 er sett på vent; først og fremst p.g.a. leiarmangel. I kyrkjelyden er det nokre få eldsjeler med omsyn til trusopplæring – ei stor takk til dei. I tillegg er det mange positive viljuge foreldre som stiller opp på einskildtiltaket når borna deira er med. Ein del konfirmantar er med som ungdomsleiarar på nokre av trusopplæringstiltaka. Dei gjer ein flott jobb! Men det meste er avhengig av kyrkjelydspedagog og/eller prest.

Vegen vidare:

For at ein skal starte fleire av tiltaka slik ein har sagt i planen, er ein avhengig av fleire ulønna medarbeidarar. Tilsette kan legge til rette for tiltak, men andre må gjennomføre det. Fleire må også ha eit eigarforhold til planen – tilsette, sokneråd og kyrkjelyd.

Ein bør også vurdere å invitere fleire årstrinn til same aktiviteten då barnetalet er på veg nedover – t.d. 7 og 8-åringar til tårnagenthelg annankvart år.

Ein bør vurdere å opprette trusopplæringsutval for soknet.

Trusopplæring er svært viktig. Det er born og unge som er kyrkja i framtida, men dei er også kyrkja i dag.

Konfirmasjonsundervisning v/ sokneprest Ole Agnar Helland

I Hyllestad har vi stor oppslutning om konfirmanttida, nærare 100 %. I år er vi 18 konfirmantar av eit årskull på 20. Konfirmantarbeid kan vere utfordrande, men vi som leiarar får også mykje tilbake frå engasjerte og positive ungdommar som gjev uttrykk for at dei trivst i kyrkjerommet i Hyllestad kyrkje. Foreldre og føresette gjev også positive tilbakemeldingar på det konfirmantane bidreg med på gudstenester og i andre samanhengar. Vi meiner å ha funne ein god lest å drive konfirmantarbeid på frå undervisning og gruppearbeid til song, dans og drama. I tillegg kjem heimesamlingar, nattcup og leir på Alværa. Vi vonar at konfirmantarbeidet får fortsette i det same gode sporet framover. Positivt er det at Lavikkonfirmantane kjem og er med på konfirmasjonsførebuinga i Hyllestad kyrkje. Konfirmantarbeidet blir drive av engasjerte og motiverte leiarar og det er von om at leiarteamet vert ytterlegare forsterka.



I 2014 var alle tre konfirmasjonsgudstenestene i Hyllestad kyrkje.

Samarbeid kyrkje - skule barnehage v/ sokneprest Ole Agnar Helland

Årleg blir det gjennomført skule og barnehage gudstenester i Hyllestad til Jul. Barnehagane i Hyllestad er no samla på ein plass i prestefjora og det er ein stor flokk med barn og tilsette som møter fram. Skulegudstenestene før jul synes å ha blitt tradisjon og det er eit greitt samarbeid mellom skule og kyrkje. Dette året var det Andreas Ester som var prest både i barnehage- og skulegudsteneste grunna soknepresten sin ferie/permisjon.

Anna trusopplæring

5.-8. klasseklubben har samling ca 1 gong i mnd. Klubben er innmeldt i NMSU. I 2014 var det 14 betalende medlemmer.

Kyrkjemusikk v sekretær Aslak Åm Sognnes

I månadsskiftet nov/desember 2013 vart det kjøpt inn eit flygel til Hyllestad kyrkje. Dette var eit so bra tilbod på eit veldig godt instrument at soknerådet ikkje kunne seia nei. Vi fekk betala det vi kunne ved levering og resten vart i samråd med leverandør sett til 1.april. (Totalt kr 219.000,-). Fram til i dag har det kome inn mange gåver til føremålet og flygelet er no finansiert 100% med gåver og innsamla midlar!

Stor takk til Kulturskulen, Musikkrådet og det generelle musikklivet i Hyllestad, som med sine konsertar har bidrege med store summer. Vidare ei stor takk til alle enkeltpersonar som har bidrege med større og mindre pengegåver til dette flotte instrumentet!

Særleg vil vi nemna to store gåver frå næringslivet: Havyard: kr.25.000,- . Sparebankstiftinga: kr. 50.000,-

TAKK TIL ALLE som har vore med og gjort dette mogeleg!! Og vi ynskjer musikklivet og kyrkja i Hyllestad tillukka med eit flott konsert- (og bruks-) flygel!!

Dette året har det vore 3 konsertar i Hyllestad kyrkje og ein songandakt/konsert, samt julekonserten i Øn kyrkje.

- 2. mars: Harpekonsert med Natalia Girunyan
- 15. mars: «Flygelfest», der tidlegare og noverande kulturskuleelevar var utøvarar.
- 16.nov.: Gitarkonsert med Griegakademiets gitarkvartett.
- 20 nov.: Songandakt/konsert med Arne Pareli og Trond Johansen
- 13. des.: Den årlege Julekonserten vart i år arrangert i Øn kyrkje.

Diakoni v Prostidiakon Terje Elvestad

I 2014 har mitt arbeid som diakon i Hyllestad omfatta bl.a. desse områda:

- andakter på Eikelund
- sjelesorgsamtaler
- kvardagsgudstenester
- heimebesøk
- medspelar saman med Toril og Ole Agnar i ulike kyrkjelege samanhengar og arrangement
- fast side i kyrkjebladet
- bedriftsbesøk
- deltaking på soknerådsmøter
- lokal diakoniplan
- samarbeid med frivillige

Misjon

Hyllestad sokn har misjonprosjekt i Mali. Ei trusopplæringsgudsteneste kvart år er også ei misjonsgudsteneste.

Institusjon v sokneprest Ole Agnar Helland

Eikelund.

To gonger i månaden er det andakt på Eikelund omsorgsenter. Det er godt frammøte av dei eldre. Særleg på fredagane når andakten er kombinert med kaffi og frammøte av eldre frå bygda elles. Gudstenestene på andredagane i dei store høgtidene er også godt besøkt. Desse gudstenestene med nattverd er verdsett av dei eldre.

Det må føyast til at tilbodet med kaffi på fredagar no har falt bort grunna økonomi. Andaktane vert no kl. 11.00 to torsdagar i månaden. Kaffi og den sosiale ramma er no tenkt å bli ivareteken av friviljuge.

Det er ivrige sjeler blant dei eldre sjølv. Og ein tanke er å involvere f. eks. pensjonistlag.

Takk til diakonen som har gjort ein stor innsats på Eikelund særleg i samanheng med soknepresten sine permisjonar.

Fleire eldre frå Eikelund møter trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje. No er det oppretta 13 eldrebustader ved sida av kyrkja. Det må vere naturleg å ha dette i tankane når vi tenkjer kyrkjelydsarbeid i Øn krins.

Kyrkjeblad v AÅS

Kyrkjebladet kjem ut med 4 nr. i året, og er ein viktig informasjonskanal ut til alle innbyggjarane i kommunen. Ein har som mål at ein skal fylla ei heil side med annonser for å kunna finansiera bladet utan at bladpengane vert for høge. Ein ser likevel behov for ein auke i bladpengar for at vi i det heile skal kunna halda fram med 4 nr i fullfarge.

Framtidsutsikter og utfordringar v soknerådsleiar Jostein Ryland

• **Økonomi**

Korleis kyrkja i Hyllestad blir finansiert framover er dessverre forbunde med mykje usikkerheit. Dei to siste åra har den kommunale løyvinga til kyrkja vorte til dels dramatisk redusert, vi er for 2014 og budsjettløyving til 2015 nede på 2008 nivå for kyrkja sin del. Det er vanskeleg å sjå korleis soknerådet kan gjennomføre det som dei fleste i dag ser på som normale tenester, knytt til kyrkja sin aktivitet, dersom dette løyvningsnivået vert oppretthalde.

Soknerådet i Hyllestad har på mange måtar vore i forkant på ulike områder når det gjeld omstilling og tilpassing av drift og organisasjon lokalt. I dag har vi felles kyrkjeverje med Fjaler i 25% stilling lokalt, (ved inngangen til 2014 hadde vi 50% stilling som kyrkjeverje) og ei kontorstilling ved kyrjekontoret som no ivaretek fleire av kyrkjeverja sine tidlegare ansvarsoppgåver. Dette er ein modell som må utviklast vidare og vi trur og at dette blir ein modell for drift av andre mindre sokn/fellesrådsområder liknande med Hyllestad i tida som kjem. De å skulle rekruttere til små normerte stillingar med den kompetanse som vert kravd for kyrkjeverjestillinga, anser ein til å bli vanskeleg, og difor vil nok større samarbeidseiningar tvinge seg fram.

Ombygginga av Hyllestad kyrkje har hausta mange lovord, også utanfor våre soknegrenser, og i dag er det fleire som har gjennomført liknande prosjekt, eller som er i ferd med å planlegge denne type ombygging/ending.

Det blir difor eit lite paradoks når kyrkja sin økonomi blir så klart innstramma, sjølv etter at ein har synt endringsvilje og teke grep for å sikre best mogleg grunnlag for økonomisk drift i åra som kjem. Det at ein i Hyllestad har ein stor samla bygningsmasse som krev tilsyn og vedlikehald, uavhengig av kor mykje dei enkelte bygga er brukte, er noko soknerådet rår lite over, skal ein gjere endringar i byggstruktur vil dette uunngåeleg ha store kostnader, ein økonomi Hyllestad Sokneråd ikkje rår over pr.d.d.

• **Pulsen på kyrkja sin aktivitet**

I løpet av 2013 vart Ytre Sogn prosti avvikla. For Hyllestad sin del (saman med Høyanger) innebar dette at ein vart innlemma i Sunnfjord prosti. Omlegginga har ikkje medført større endringar for Hyllestad i fyrste omgang, men ein må sjå vidare framover med tanke på å endre mot meir naturlege samarbeidsrelasjonar i Sunnfjord, til erstatning for dei ein tidlegare hadde mot Sogn og Gulen/Solund som no er del av Nord Hordaland prosti. Framleis vil trusopplæringseininga

Hyllestad/Høyanger vere innanfor eitt prosti, så dette arbeidet går positivt vidare som før. Når det gjeld stillingssamarbeid om diakoni vil dette frå tidleg 2015 dessverre verte avvikla, då noverande diakon har sagt opp si stilling, og Hyllestad har pr. dato ikkje økonomi til å fortsette dette stillingssamarbeidet.

Kyrkja sitt utadretta arbeid vil framover verte meir og meir avhengig av ein frivillig innsats frå ulike personar knytt til kyrkja. Dei faste stillingane i staben er små og arbeidsoppgåvene mange, og for mange til å kunne utførast kun ved egne tilsette i staben, frivillige må alt i dag ta større og større ansvar for ulike arbeidsoppgåver. Dette har sjølv sagt også ei positiv side i det at fleire personar vert involvert i kyrkja sitt gode arbeid, men det er vanskeleg å oppretthalde den positive drivkrafta i dette arbeidet når der ikkje er økonomi til noko form for kursing, kompetanseutvikling mv. Dette gjeld også for dei tilsette i staben, der medarbeidarutvikling vert klårt hemma av kyrkja sin stramme økonomi. Det let seg ikkje gjere å ha eit utstrakt frivillig arbeid utan at der er eit minimum av basisstillingar igjen i kyrkja sin faste stab. Kor godt dette kan fungere ser ein tydeleg i arbeidet med ungdom via 5-8 klasse klubb og konfirmantundervisninga. Utan tilsett trusopplæringspedagog, og lokalt forankra presteteneste, vil ikkje eit frivillig arbeid her vere mogleg på det nivået ein no har i Hyllestad.

Frivillige/ulønna medarbeidarar er slik sett alfa og omega i eit velfungerande og levande kyrkjelydsarbeid. Soknerådet ynskjer å ha merksemd på desse sin medarbeidarskap framover, og ein ynskjer å legge til rette for og få økonomi til å utvikle og iverksetje egne medarbeidarprogram for å rekruttere og utruste fleire medarbeidarar i kyrkja sitt arbeid. Soknerådet ser at dersom ein skal lukkast med arbeidet å få ein meir delaktig kyrkjelyd må arbeidet med å få rekruttert fleire frivillige/ulønna medarbeidarar ha større prioritet, og vere eit klårare satsingsområde.

- **Kompetanse**

Kompetanse, særleg på bygg- og vedlikehaldsprosjektering er eit viktig punkt for soknerådet, sett opp mot den store bygningsmassen ein har driftsansvar for med små eller tilnærma ingen midlar avsett til vedlikehald. Ein er i stor grad prisgitt at der er frivillige som tek tak i naudsynt vedlikehaldsoppgåver, dette vere seg rydding i hagar, plenarbeid, grusgangar, måling m.m. Ein har ikkje lenger fondsmidlar av noko størrelse å ta til for ulike innkjøp knytt til naudsynte vedlikehaldsoppgåver. Takka vere givarglede frå enkeltpersonar klarar ein å gjennomføre eit minimum av denne type oppgåver, og no ser ein også at denne typen gåver lyt gå til det ein normalt ser som driftspostar i budsjettsamanheng.

- **Endra gudstenestestruktur**

Hyllestad sokneråd er opptekne av å fornye det kyrkjelege livet og bidra til ei auka deltaking frå kyrkjelyden. Ein har difor i 2014 innført ein noko endra gudstenestestruktur, der ein erstattar ei søndagsgudsteneste pr. månad med ei kvardagsgudsteneste på ettermiddags-/kveldstid. Etableringa av desse gudstenestene vil vonleg føre til at fleire får eigarskap til både gudsteneste og kyrkjerom. Vidare vil gudstenester med sterkare deltaking frå kyrkjelyden i utøvinga vere noko ein bør søke å få til på desse kvardagsgudstenestene. Soknerådet har no vedteke ein plan for type og kven som kan vere aktuelle medarrangørar av denne type gudstenester. Denne endringa har to klare hovudmålsettingar; vekst i kyrkjelyden og meir kostnadseffektiv utnytting av kyrkjeleg tilsette.

- **PR**

Soknerådet sine heimesider er truleg soknerådet sin viktigaste kommunikasjonskanal til publikum, og her finn ein og den mest komplette og lettast tilgjengelege informasjonsdatabasen for kyrkja. Soknerådet har ei tosidig utfordring her, på den eine sida å finne tilstrekkeleg kapasitet til å publisere statistikk og materiale og jevnleg oppdatere sidene, og på den andre sida å syte for at heimesidene blir attraktive og informative nok til at dei blir hyppig besøkte av publikum. Dessverre har ein i 2014 hatt liten kapasitet til å halde desse sidene fortløpande oppdatert, men frå 2. kvartal i 2015 vil ein venteleg ha på plass ein ny, betre og rimlegare løysing for kyrkja si heimeside, slik at dette arbeidet igjen kan komme på «skinner».

Tilgang på internett i Hyllestad kyrkje er av noko varierende kvalitet/kapasitet, men ein vonar at også dette vil bli monaleg betre i løpet av 2015. Då vil ein og meir aktivt kunne nytte heimesider og internett under ulike arrangement der.

Det å finne gode informasjonsløysingar framover vert truleg noko av nøkkelen for å få til auka aktivitet i soknerådet sitt arbeid, og desse vert også viktige for å få betre informert om kva områder/oppgåver ein treng styrka økonomi/givarbidrag til frå private, næringslivsorganisasjonar og offentlege instansar .

- **Lokal strategi**

Soknerådet bør få ei auka merksemd på målformuleringar, samt vere meir bevisst på å etablere målretta prosessar i verksemda. Likeins bør ein heile tida ha syn for organisatorisk utvikling og samarbeid med andre fellelråd på fleire område, for å få ein best mogleg fungerande organisasjon. Dette er inga lett oppgåve då ein som liten organisasjon er svært sårbar overfor endringar i stillingsstorleikar og persontilsetjingar.

Hyllestad sokneråd ynskjer i 2015 å ha fokus på dette, og vil, i regi soknerådet, sette i gang eit arbeid for å etablere ein klårare målformulering av kyrkja/soknerådet sitt arbeid i Hyllestad, i åra som kjem.

I dette arbeidet er det naturleg å ta opp tråden og gjere ei vidare oppsummering etter prosjektet: «Kyrkjebygg som utviklingsressurs», i den grad her er idear, tankar, utfordringar og moglegheiter som ein bør sjå nærmare på.

Kyrkjer

Med unnatak av arbeid på Hyllestad kyrkje finansiert av investeringsmidlar frå kommunen, er det ikkje utført vedlikehald på kyrkjene og kapellet.

Bø kyrkje er leig ut til St. Paul katolske kyrkje i Bergen som har gudstenester i kyrkja. I 2014 hadde dei 17 gudstenester men har signalisert at det vert færre i 2015, berre månadleg.

Kyrkjegardar

Leige teneste til kyrkjegardsslått og vedlikehald av Åm Sognnes bygdeservise, og hos Hyllestad Bygg for opning og lukking av grav i samband med gravferder. Soknerådet er godt nøgd med utføringa av desse tenestene.

Lenger intervall mellom kyrkjegardsslåtten på grunn av dårleg økonomi. På slutten av året fekk ein fjerna lageret av gamle gravminne m.m. som gjennom ei årrekke har samla seg oppi øvste hjørnet av kyrkjegarden på Hyllestad.

På den gamle delen av Bø kyrkjegard har det i mange år vore problem med høg grunnvasstand. Dette året har ein leigd inn Harald Systad som konsulent, for å finna mogelege løysingar på dette problemet. Dette arbeidet er ikkje slutført enno. Dette prosjektet er finansiert av investeringsmidlar frå kommunen.

I årsrapporten er det ein oppsummering av rekneskapen for 2014 v/kyrkjevevje

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av kommune-revisoren. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt.

Det vert vist til Hyllestad sokn sin rekneskap som er tilgjengeleg på kyrkjekontoret og vil etter godkjenning bli lagt ut på heimesida.

Hyllestad sokneråd sin rekneskap har fire funksjonar/tenester:

Kyrkjeleg administrasjon, Kyrkjer, Kyrkjegardar og Andre kyrkjelege føremål. Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første funksjonane. Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i kyrkjelova (KL) § 15, og gravferdslova § 3 «Kirkelig fellestråd og kommunens ansvar.»

Aktiviteten under funksjonen/tenesta «Andre kyrkjelege føremål» er soknerådet sine oppgåver etter § 9 i kyrkjelova (KL). Her er det berre ved *Konfirmantarbeid* at det er kommunal delfinansiering. Kommunen har etter kyrkjelova § 15: ansvar for utgifter til "*lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjons-opplæring*". Elles er inntektene offer, gåver, tilskot, basar- og billettinntekter m.m. Offer til kyrkjelydsarbeidet finansierer utdelingsmateriell som til dømes dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut, som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. I tillegg mottok soknerådet statstilskot til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til kyrkjerådet via bispedømmerådet..

Resultat – Inntekt - Utgift

Rekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar + utgifter til konfirmasjonsundervisning avslutta i balanse. Dette fordi mindreforbruket på kr 31 814 er nytta til å dekke inn ein firedel av underskotet frå 2013. Driftsrekneskapen i 2013 gjekk med eit underskot på kr 123 045. Kr 93 817 av underskotet skulle vore fakturert og inntektsført i 2013. Dette er inntekter som er inntektsført i rekneskapen for 2014. Men trass desse inntektene i 2014, har ein likevel ikkje greidd å dekke inn meir enn vel kr 30 0000 av underskotet i 2013. Med desse ekstraintektene og eit driftsnivå på sparebluss synleggjer rekneskapen for 2014 at driftstilskotet frå kommunen er for lavt til å gjennomføre ei kyrkjeleg verksemd i Hyllestad. Driftstilskotet i 2014 er knapt så stort som i 2008. Av underskotet i 2013 galdt kr 16 250 prosjektet Kyrkjebygg som utviklingsressurs. Dette er òg dekket inn i 2014.

Resten av underskotet frå 2013 kr 91 230 må dekkast inn i 2015.

Driftstilskot frå Hyllestad kommune:

Driftstilskotet frå kommunen har dei siste åra hatt ei negativ utvikling. For 2014 var det kommunale driftstilskotet 1 250 000 og om lag kr 265.000 mindre enn det soknerådet melde behov for i sak SR 17/13 F av 10.8.2013. Rekneskapen for 2011 syner at driftstilskotet frå kommunen var kr 1 303 300. I 2008 var tilskotet kr 1 271 000. Soknerådet har såleis ikkje fått kompensert for auka løns- og prisvekst eller auka pensjonskostnader på sju år. Resultatet av det er at drifta er redusert og går på sparebluss.

Soknerådet har avgrensa inntekspotensial då ein ikkje har høve til å ta betaling for kyrkjelege tenester for medlemmer som er busette i soknet.

Festeinntekter er naudsynte driftsinntekter, men er usikre då ein ikkje på førehand kan vite kven som ønskjer å feste ei grav vidare. Ein kan difor ikkje budsjettere med for høge festeinntekter.

Driftstilskotet frå kommunen vil difor framleis vere det som i hovudsak skal finansiere den lokale kyrkja i Hyllestad. Tilskotet har no eit nivå som ikkje gjer soknerådet i stand til å ha ei minimum forsvarleg drift.

KLP

Pensjonsutgifter er ein stor kostnad også for soknerådet, der ein har høg reguleringspremie, særleg for tidlegare tilsette. Frå 1. mai 2014 er alle innmeldt i pensjonsordninga uavhengig av stillingsstorleik, mot tidlegare dei frå og med 40% stilling.

2013: kr 119 613, derav premie for slutta tilsette kr 22 260

2014: kr 176 103, derav premie for slutta tilsette kr 50 040 – meir enn dobling frå året før.

(ca. 10 000 av pensjonskostnadane i 2014 – ikkje av reguleringspremiene - skulle vore ført på 2013).

Tenester - funksjoner

04100 Kyrkjeleg administrasjon.

Hyllestad sokn er eitt lovbestemt kyrkjeleg organ der forvaltingslova og offentlegheitslova gjeld. Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15 d) *driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold.* KL § 37 *Kirkebokføring.*

Soknerådet sine lovpålagte oppgåver kan ikkje gjennomførast utan ein administrasjon av ein viss - storleik samt utstyr og programvare. Som kommunen er medlem av KS, er soknet medlem av KA (Kirkens interesse og arbeidsgiverorganisasjon). Kyrkjebokføring og føring av gravregister treng spesialutvikla program der ein som til KA også betaler årlege avgifter.

Dei tre PC åne på kontoret var så gamle at dei takla ikkje programvarene og blei difor bytta ut med brukte PC år frå SYS-IKT til ca kr 1 800 pr stk. Arbeidsstasjonane hadde tre blekkskrivarar som var dyre i drift, og i tillegg stettar ikkje blekkutskrift krav til arkivering. Ei lita felles multifunksjonsmaskin til ca. kr 5 000 kr vart kjøpt inn.

04200 Kyrkjer

Hyllestad kyrkje, Bø kyrkje, Øn kyrkje og Øn gravkapell.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15

a) utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker.

Det er krevjande både for ein liten kommune og soknerådet å ha ansvar for ein stor bygningsmasse. Like fullt står bygningane der og kommunen har økonomisk ansvar og soknerådet praktisk ansvar. Rekneskapen syner at vedlikehaldsutgiftene i 2014 var knapt kr 5 000. Med så stor bygningsmasse er det berre flaks at kostnaden ikkje vart større.

Under 042 Kyrkje er det inntektsført til flygelet i Hyllestad kyrkje m.a tilskot på kr 40 000 frå Sparebankstiftinga, kr 5 180 Minnegåve samt andre gåver og inntekter.. I tillegg til å deke inn underskotet på flygelet i investeringsrekneskapen for 2013 på kr 21 853, er om lag kr 30 000 sett av til å «fylle opp att» det som vart lånt frå kyrkjemusikkfondet

04300 Kyrkjegardar

Hyllestad kyrkjegard, Bø kyrkjegard og Øn gravplass.

b) utgifter til anlegg og drift av gravplasser.

I tillegg til kyrkjegardsslått fekk vi på Hyllestad kyrkjegard rydda vekk ein stor haug med gamle gravminne og overskotsmassar og diverse.

Av kostnader nemner vi dei største som er: Vedlikehald kyrkjegardsslått og anna vedlikehald i heile tusen: kr 167 000. Kjøp av graving kr 69 000. Festeinntekter kr 58 000.

04310 Gravstell

Her er feilføring som vil bli retta opp i 2015.

Det finst eldre gravfond som er førte i ein eigen rekneskap, som frå 2015 vil bli ført i soknerådet sin rekneskap.

044 Anna kyrkjeleg verksemd.

Her har vi funksjoner / tenester som, med unnatak av utgifter til konfirmantarbeid, vert «nulla ut» mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Dette fordi desse vert halde utanfor dei andre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar.

04400 Kyrkjelydsarbeid

Vel kr 77 000 kr er sett av til bunde fond. Det er inntekter frå basaren, der vel kr 38 000 er styrka kyrkjemusikkfondet som det vart «lånt» midlar frå i 2013 til å finansiere flygelet, samt gåver og offer.

04432 Trusopplæring (0-18 år)

Her fører ein alt trusopplæringsmateriellet som vert delt ut gjennom året, aktiviteten til minikonfirmantane og konfirmasjonsundervisning. Kommunen har finansieringsansvar for konfirmasjonsundervisninga.. Bruk av bunde fond: kr 8 000.

04436 Trusopplæring – interkommunalt samarbeid

100% stilling der Hyllestad har arbeidsgjevaransvar og med 25% arbeidsplikt i Hyllestad.

Det norske misjonsselskap dekkjer 25% av lønskostnadane kr 159 332.

Hyllestad og Høyanger får statstilskot til trusopplæring som dette året var kr 409 368.

Høyanger kyrkjelege fellesråd dekkjer 2/3 av meirkostnadane utifrå at 50% av stillinga høyrer til Høyanger. Hyllestad sin del av kostnadane, kr 30 944 er belasta soknerådet sine fond (tidlegare innsamla midlar).

04440 Diakoni

Hyllestad har samarbeid med Høyanger og Solund om ei prostiprojekt diakonistilling, der Høyanger har arbeidsgjevaransvaret. Bispedømet dekkjer 50% av lønskostnadane. Hyllestad dekkjer lønsutgifter til 10% stilling , og i tillegg andre kostnader (køyring, telefon m.m.) for 26% stilling. Sokneråd sin refusjon til Høyanger kyrkjelege fellesråd i 2014 er kr 86 866 kr som er dekkja av offer, tilskot, fast gjevarteneste samt vel kr 71 000 av bundne fond (tidlegare innsamla midlar).

04479 Kyrkjelydsblad

Kostnad med fire nummer. Finansiering er kr 21 900 i bladpenger og kr 32 165 i annonse-inntekter. Kr 7 200 av annonseinntektene skulle vore fakturert og inntektsført i 2013. Funksjonen er balansert i null ved at kr 8 692 er avsett til bunde fond til å dekke inn framtidig underskot..

FOND

Hyllestad sokneråd hadde berre eitt ubunde driftsfond og det galt trusopplæring og diakoni, og som i 2014 er brukt til å dekke inn soknerådet sine utgiftsforpliktingar overfor trusopplærings-stillinga.

Elles har soknerådet nokre bundne driftsfond knytt til ulike aktivitetar som kyrkjemusikk, diakoni og trusopplæring, samt nokre fond knytt til kyrkjene.

I 2013 vart det lånt pengar av kyrkjemusikkfondet til å finansiere flygelet. Desse midlane er no på plass igjen ved hjelp av tilskot og gåve til flygelet, og ved inntekter frå basaren i 2014

Under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 110 319 kr brukt av ulike fond og kr 88 547 sett av til ulike bundne drifts fond.

Gravfond

2 stk «nyare» gravstellavtaler er ført i soknerådet sin rekneskap. I tillegg har soknerådet ansvar for ein del gamle gravfond som vert ført i ein eigen rekneskap, fond som det skulle vore rydda opp i tidlegare. I 2015 vil det bli ei «opprydding» i desse fonda, som då i framtida vil bli ført i soknerådet sin rekneskap.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen i 2013 gjekk med kr 21 853 i underskot som skuldast at flygelet dette året ikkje var fullfinansiert. Dette er som nemnt dekkja inn i investeringsrekneskapen for 2014 av gåve frå Sparebankstiftinga. Flygel – dekning av underskot 2013 kr 21 853 (overføring frå driftsrekneskapen)..

KLP – Kjøp av aksjer og andelar kr 3 391 – dekkja inn ved overføring frå driftsrekneskapen.

I tillegg er følgjande investeringsprosjekt finansiert av tilskot frå kommunen:

Bø kyrkjegard – undersøking av drenering eldste delen: kr 19 779

Hyllestad kyrkje – fornying: kr 56 853. Vi er takksame for investeringstilskotet frå kommunen.